



Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS
Postboks 2043 Vika
0125 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3745 - 17/24768

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
19.12.2017

Reguleringsplan for Mjåtveitmarka

Meland kommune viser til brev datert 08.11.2017 og til møte fredag 08.12.2017, der det blei diskutert kommunal overtaking av vegar regulert som offentleg i Mjåtveitmarka, samt refusjon av kostnader ved opparbeiding av det same.

Når det gjeld kommunal overtaking av vegnettet, gir kommunen tilbakemelding om at ein er innstilt på å ta over vegnettet vederlagsfritt i samsvar med utbyggingsavtalen og godkjent reguleringsendring etter at utbygging av B24 er ferdig. Det framstår hensiktsmessig at kommunen tek over vegnettet samla når denne utbygginga er ferdig, sjølv om det står att nokre utbyggingsområde i planen. Vi ber om at tiltakshavar tek ny kontakt med kommunen for felles synfaring og avtale når arbeida er ferdig.

Når det gjeld krav om refusjon etter plan- og bygningslova kap 18 og utbyggingsavtalen § 6, er førebels tilbakemelding frå kommunen at føresetnaden for å kunne krevje refusjon frå eigedomar innanfor planområdet ikkje synast å vere oppfylt. Det blir vist til føresetnaden om varsling og førehandsgodkjenning mv i pbl § 18-8. Likeeins synast ikkje pbl kap 18 å gi moglegheit for etablering av refusjonskrav mot eigedomar utanfor planområdet. Dette etter ei førebels vurdering av reglane om refusjonspliktig areal, jf pbl § 18-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.